

# Styresak

---

Går til: Styremedlemmer  
Føretak: Helse Vest RHF  
Dato: 20.10.2013  
Sakhandsamar: **Erik Sverrbo, Brita Mauritzen Næss**  
Saka gjeld: **Oppsummering - SAMDATA 2012**

**Arkivsak**  
2013/705  
**Styresak 122/13 O**

**Styremøte 06.11. 2013**

---

## Forslag til vedtak

Styret i Helse Vest RHF tar oppsummeringa av SAMDATA rapporten for spesialisthelsetenesta 2012 til orientering.

## Oppsummering

Helsedirektoratet publiserer årleg SAMDATA rapporten som gir ein oversikt over generelle utviklingstrekk i spesialisthelsetenesta både på RHF- og HF-nivå. I 2012 var dei totale driftskostnadane til spesialisthelsetenesta om lag 110 mrd. kroner, og den overordna målsettinga med rapporten er å gje informasjon om ressursinnsatsen, bruken av tenestene og utnyttinga av ressursane.

Det blir i denne styresaka gitt ei kortfatta gjennomgang av rapporten, med vekt på å samanlikna regionane og helseføretaka i eigen region.

## Overordna bilete

I den seinaste femårsperioden har veksten i kostnadane til spesialisthelsetenesta vore på omtrent same nivå som veksten i befolkninga. Spesialisthelsetenesta i 2012 var prega av stram økonomisk styring som gav positivt økonomisk resultat i alle fire regionar, samt auka aktivitet på somatiske sjukehus, poliklinikkar i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB).

I 2012 var 21 prosent av befolkninga i Norge busett i Helseregion Vest. Befolkninga i regionen stod for 20,5 prosent av pasientane i somatisk sektor og 22,1 prosent av talet liggjedøgn. Regionen hadde 19,5 prosent av pasientane innan psykisk helsevern for både vaksne og barn og unge, men berre 14,1 prosent av polikliniske konsultasjonar innan psykisk helsevern for barn og unge, samt 17 prosent av innleggingane og 22,5 prosent av alle polikliniske konsultasjonar i den tverrfaglege spesialiserte rusomsorga (TSB).

Innan somatikk er Helse Vest den regionen som har hatt størst auke i døgnopphald, polikliniske konsultasjonar, pasientar og DRG-poeng i perioden frå 2008 til 2012. Regionen hadde og størst vekst i innleggingar for dagbehandling og størst nedgang i dagkirurgi. Befolkninga i Helse Vest hadde og mindre nedgang i liggedagar enn dei andre regionane.

Dersom ein ikkje korrigerer for behov for helsetenester, har Helse Vest det lågaste nivået av alle regionane i dagbehandling, polikliniske konsultasjonar og DRG-poeng innan somatisk sektor, polikliniske konsultasjonar og pasientar innan psykisk helsevern (både vaksne, barn og unge), samt innleggingar innan TSB.

Når ein korrigerer for noko lågare behov for spesialisthelsetenester i Helse Vest, blir mange av forskjellane til dei andre regionane redusert, men Helse Vest er likevel kjenneteikna av eit lågt nivå av polikliniske konsultasjonar innan både somatisk sektor og psykisk helsevern (både vaksne, barn og unge).

Helse Vest er den einaste regionen som har hatt ei auke i døgnopphald ved somatisk sjukehus i femårsperioden og nivået av døgnopphald per 1000 innbyggjar er høgare enn landsgjennomsnittet.

Og innan psykisk helsevern for vaksne har regionen eit høgare nivå av opphaldsdøgn enn befolkninga i Helse Sør-Øst og Helse Midt-Norge. Innan psykisk helsevern er ratane for poliklinisk behandling lågare enn i andre regionar. Dette gjeld både vaksne, barn og unge, men nivået av polikliniske konsultasjonar for barn og unge er og påverka av registreringsendringar ved overgang til nytt pasientadministrativt system i perioden frå 2010 til 2012 (frå BUP-data til DIPS).

Befolkninga i Helse Vest har færre innleggingar for rusbehandling enn andre regionar, men har hatt størst auke i polikliniske konsultasjonar for rusbehandling i perioden frå 2008 til 2012.

Regionen er kjenneteikna av forskjellar i bruk av spesialisthelsetenester internt i regionen når det gjeld både somatisk sektor og psykisk helsevern for barn og unge. I siste femårsperiode har det og vore tydlege endringar i forbruksmønsteret i dei ulike busettingsområda i regionen. Befolkninga i Sogn og Fjordane har hatt nedgang i ratane for døgnbehandling og auka bruk av dagbehandling, medan befolkninga i Helse Stavanger-området har auka bruken av døgnbehandling og redusert bruken av dagbehandling.

## **Bruk av spesialisthelsetenester**

### **Nasjonale hovudtrekk i bruk av spesialist helsetenester 2008 til 2012**

Nasjonalt er den seinaste femårsperioden kjenneteikna av tre sentrale utviklingstrekk i spesialisthelsetenesta:

- Tydleg nedgang i liggetid/opphaldsdøgn i både somatisk spesialisthelseteneste og psykisk helsevern.
- Stor grad av stabilitet og tilgjenge til spesialisthelsetenester
- Auka bruk av poliklinikkane.

### **Bruk av somatiske spesialisthelsetenester**

Nasjonalt auka aktiviteten i helseføretaka frå 2011 til 2012. Veksten var størst for polikliniske konsultasjonar. Det var ein tydleg nedgang i gjennomsnittleg liggetid frå 2011 til 2012 og færre opphald med lange liggetider. Det var noko auke i delen reinnleggingar, men dei fleste helseføretaka hadde ein nedgang i delen reinnleggingar frå 2011 til 2012.

Samla blei det utført om lag fem millionar polikliniske konsultasjonar i 2012, ei auke på 3,1 prosent frå 2011. Det var og ein vekst i talet døgnopphald og dagbehandlingar på høvesvis 1,1 og 0,6 prosent. Talet DRG-poeng auka med 4,9 prosent for polikliniske konsultasjonar og 1,6 prosent for døgnopphald, medan DRG-poenga for dagbehandling var tilnærma uendra frå 2011 til 2012.

Talet opphald med kirurgisk DRG viste ein liten endring siste år (-0,3 prosent). Dagkirurgi utgjorde 59,5 prosent av all planlagd kirurgi i 2012 på nasjonalt nivå, og syner ein nedgang på 1,8 prosent frå 2010. Opphald for augeblikkeleg hjelp auka med 1,7 prosent siste år. Den gjennomsnittlege liggetida for døgnopphald gjekk ned med 0,2 dagar frå 2011, og nedgangen gjaldt både kirurgiske og ikkje-kirurgiske opphald. Nedgangen kan knytast til samhandlingsreforma og forskrifta om kommunal betaling for utskrivingsklare pasientar, men følgjer og trenden frå tidlegare år.

Av alle døgnopphald utgjorde 4,7 prosent ein reinnlegging innan sju dagar og 10,4 prosent ein reinnlegging innan 30 dagar i 2012. Dette gir ei lita auke frå 2011, men samanlikna med 2010 var delen reinnleggingar om lag på same nivå eller lågare. Delen nye pasientar på helseføretaka totalt, det vil seie pasientar som ikkje var pasient det føregåande året, var 45 prosent i 2012 og delen nye polikliniske pasientar var 43 prosent.

Samanlikna med dei andre regionane hadde Helse Vest den minste auke i døgnopphald (+0,5 prosent) og den største veksten i polikliniske konsultasjonar (+5,3 prosent) frå 2011 til 2012.

## Tal opphold og konsultasjonar i 2012 og prosent endring frå 2011

Helseforetak	Døgnopphold		Dagbehandling		Poliklinisk konsultasjon	
	2012	Pst endr 2011-12	2012	Pst endr 2011-12	2012	Pst endr 2011-12
Helse Sør-Øst	484 890	1,4	230 107	-0,4	2 783 087	2,6
Helse Vest	183 229	0,5	72 094	3,1	945 295	5,3
Helse Midt-Norge	116 927	1,3	58 063	4,1	784 757	2,8
Helse Nord	84 032	0,8	38 352	-3,5	515 029	2,4
<b>TOTALT</b>	<b>869 078</b>	<b>1,1</b>	<b>398 616</b>	<b>0,6</b>	<b>5 028 168</b>	<b>3,1</b>
Helse Stavanger HF	50 508	3,6	20 981	-7,1	279 797	4,4
Helse Fonna HF	28 876	-4,2	10 724	15,5	121 380	3,7
Helse Bergen HF	71 871	0,7	27 434	8,6	383 045	6,3
Helse Førde HF	17 357	-2,1	8 671	4,9	114 554	1,4
Haraldsplass Diakonale sh.	12 306	3,8	2 625	-0,9	20 082	4,2
Haugesund sanfor. revm.	1 721	3,5	959	-27,7	24 333	34,6
Stiftelsen Betanien Bergen	590	-18,7	700	22,4	2 104	0,3

Av helseføretaka i Helse Vest er det særleg Helse Stavanger HF som har hatt ein vekst i talet døgnopphald (+3,6 prosent), medan Helse Bergen HF har hatt den største veksten i polikliniske konsultasjonar (+6,3 prosent) frå 2011 til 2012.

Korrigert for systemendringar i ISF hadde Helse Vest den største veksten i DRG-poeng for døgnopphald (+3,0 prosent). Vidare var det ein nedgang på 2,5 prosent i DRG-poeng for dagbehandling, medan polikliniske konsultasjonar hadde ein vekst tilsvarende landsgjennomsnittet.

## DRG-poeng etter behandlingsnivå i 2012 og prosent endring frå 2011

Helseforetak	Døgnopphold		Dagbehandling		Poliklinisk konsultasjon	
	DRG-poeng 2012	Pst endr 2011-12	DRG-poeng 2012	Pst endr 2011-12	DRG-poeng 2012	Pst endr 2011-12
Helse Sør-Øst	581 150	1,3	48 370	0,0	121 171	5,0
Helse Vest	207 263	3,0	15 257	-2,5	38 765	5,0
Helse Midt-Norge	142 326	1,3	13 325	3,3	32 716	5,2
Helse Nord	95 971	1,3	8 423	0,2	20 438	3,5
<b>TOTALT</b>	<b>1 026 710</b>	<b>1,6</b>	<b>85 374</b>	<b>0,1</b>	<b>213 089</b>	<b>4,9</b>
Helse Stavanger HF	53 824	5,9	4 726	-12,3	10 985	7,2
Helse Fonna HF	26 713	-0,3	2 332	6,9	4 804	0,0
Helse Bergen HF	95 031	3,8	5 315	6,1	16 990	6,1
Helse Førde HF	17 636	-3,2	1 829	-2,0	4 184	0,5
Haraldsplass Diakonale sh.	11 723	0,5	610	-3,6	838	0,4
Haugesund sanfor. revm.	1 899	12,9	269	-37,4	900	12,3
Stiftelsen Betanien Bergen	436	6,5	176	24,4	63	1,0

Av dei fire helseføretaka er det særleg Helse Stavanger (+7,2 prosent) og Helse Bergen (+6,1) som har hatt ein vekst i den polikliniske behandlinga, medan dei to andre helseføretaka har inga eller minimal vekst. Helse Bergen og Helse Stavanger har vekst i DRG-poenga innan døgnbehandling, medan Helse Stavanger har ein sterk nedgang i DRG-poeng innan dagbehandling (-12,3 prosent). Gjennomsnittleg tal DRG-poeng per behandlingsepisode (indeks) i Helse Vest følgde landsgjennomsnittet for dagbehandling og polikliniske konsultasjonar, men låg noko under landsgjennomsnittet for døgnopphald.

## Indeks for pasientsamansetting<sup>1</sup> etter behandlingsnivå 2011<sup>2</sup>-2012

Helseforetak	Døgnopphold		Dagbehandling		Poliklinisk konsultasjon	
	Nivå 2011	Nivå 2012	Nivå 2011	Nivå 2012	Nivå 2011	Nivå 2012
Helse Sør-Øst	1,20	1,20	0,21	0,21	0,04	0,04
Helse Vest	1,10	1,13	0,22	0,21	0,04	0,04
Helse Midt-Norge	1,22	1,22	0,23	0,23	0,04	0,04
Helse Nord	1,14	1,14	0,21	0,22	0,04	0,04
<b>TOTALT</b>	<b>1,18</b>	<b>1,18</b>	<b>0,22</b>	<b>0,21</b>	<b>0,04</b>	<b>0,04</b>
Helse Stavanger HF	1,04	1,07	0,24	0,23	0,04	0,04
Helse Fonna HF	0,89	0,93	0,23	0,22	0,04	0,04
Helse Bergen HF	1,28	1,32	0,20	0,19	0,04	0,04
Helse Førde HF	1,03	1,02	0,23	0,21	0,04	0,04
Haraldsplass Diagonale sh.	0,98	0,95	0,24	0,23	0,04	0,04
Haugesund sanfor. revm.	1,01	1,10	0,32	0,28	0,04	0,04
Stiftelsen Betanien Bergen	0,56	0,74	0,25	0,25	0,03	0,03

1 Gjennomsnittlig tal DRG-poeng per opphald eller konsultasjon

2 DRG-poenga i 2011 er korrigererte for systemendringar i ISF for å vere samanliknbare med 2012

Av helseføretaka er det berre Helse Bergen som har ein indeks som ligg over landsgjennomsnittet for døgnopphald.

Helse Vest hadde størst nedgang i opphald med kirurgisk DRG, og regionen hadde i 2012 den lågaste delen dagkirurgi med 57,7 prosent. Talet opphald med kirurgisk DRG gjekk ned med 1,6 prosent siste år, og delen dagkirurgi gjekk ned med 3,7 prosentpoeng frå 2010 til 2012.

## Tal opphald i kirurgisk DRG totalt (dag og døgn) og del dagkirurgi av all planlagt kirurgi 2010-2012

Helseforetak	Antall opphald i kirurgiske DRG totalt				Andel dagkirurgi (0 liggedager) av all planlagt kirurgi <sup>1</sup>		
	2010	2011	2012	Pst endr 11-12	2010	2011	2012
Helse Sør-Øst	213 171	214 092	214 007	0,0	60,3	59,8	59,3
Helse Vest	75 962	78 619	77 359	-1,6	61,4	60,2	57,7
Helse Midt-Norge	55 701	57 060	57 866	1,4	64,9	62,9	62,3
Helse Nord	38 753	38 854	38 352	-1,3	61,4	60,2	60,2
<b>TOTALT</b>	<b>383 587</b>	<b>388 625</b>	<b>387 584</b>	<b>-0,3</b>	<b>61,3</b>	<b>60,4</b>	<b>59,5</b>
Helse Stavanger HF	24 406	24 528	23 135	-5,7	72,7	70,8	65,8
Helse Fonna HF	10 212	10 270	9 932	-3,3	67,7	71,5	69,1
Helse Bergen HF	26 695	28 496	29 847	4,7	45,7	44,6	46,2
Helse Førde HF	8 650	8 543	8 183	-4,2	65,5	64,1	63,5
Haraldsplass Diagonale sh.	3 831	4 072	4 027	-1,1	47,4	41,7	40,4
Haugesund sanfor. revm.	1 208	1 419	948	-33,2	83,2	86,0	78,2
Stiftelsen Betanien Bergen	960	1 291	1 287	-0,3	85,8	79,6	73,3

Helse Bergen og Haraldsplass diakonale sjukehus låg langt under landsgjennomsnittet for delen dagkirurgi. Alle helseføretaka i Helse Vest hadde ein nedgang i opphald med kirurgisk DRG, unntatt Helse Bergen som hadde ein auke på 4,7 prosent siste år.

Helse Vest hadde lengst gjennomsnittleg liggetid (4,4 dagar) i 2012, driven av liggetida for kirurgiske døgnopphald som var 5,8 dagar (mot 5,2 dagar på nasjonalt nivå). Samtidig var nedgangen for kirurgiske døgnopphald minst av dei fire regionane.

### Gjennomsnittleg liggetid for døgnopphald i 2012 og prosent endring frå 2011

Helseforetak	Døgnopphold totalt		Ikke-kirurgiske døgnopphold		Kirurgiske døgnopphold	
	Snitt 2012	Endring 2011-12	Snitt 2012	Endring 2011-12	Snitt 2012	Endring 2011-12
Helse Sør-Øst	4,1	-0,3	3,8	-0,3	5,0	-0,3
Helse Vest	4,4	-0,1	3,9	-0,1	5,8	-0,2
Helse Midt-Norge	4,3	-0,2	4,0	-0,2	5,1	-0,3
Helse Nord	4,3	-0,3	3,9	-0,3	5,5	-0,3
<b>TOTALT</b>	<b>4,2</b>	<b>-0,2</b>	<b>3,9</b>	<b>-0,2</b>	<b>5,2</b>	<b>-0,3</b>
Helse Stavanger HF	4,6	-0,2	4,3	-0,2	5,6	-0,2
Helse Fonna HF	3,9	0,1	3,7	0,2	5,1	-0,6
Helse Bergen HF	4,5	-0,1	3,8	-0,1	6,4	-0,2
Helse Førde HF	4,1	-0,3	3,7	-0,3	5,6	-0,3
Haraldsplass Diakonale sh.	4,1	-0,3	4,0	-0,3	4,7	-0,2
Haugesund sanfor. revm.	7,5	-0,3	7,5	-0,5	7,3	0,7
Stiftelsen Betanien Bergen	0,8	0,1	0,5	-0,1	0,8	0,1

Helse Stavanger og Helse Bergen har begge ei total gjennomsnittleg liggetid som er høgare enn landsgjennomsnittet, og særleg for kirurgiske døgnopphald har Helse Bergen ei høg gjennomsnittleg liggetid av helseforetaka i regionen, både totalt og for kirurgiske døgnopphald.

Når det gjeld delen reinnleggingar, låg Helse Vest tett opp mot landsgjennomsnittet, men med store forskjellar mellom helseforetaka.

### Del reinnleggingar<sup>1</sup> for augeblikkelig hjelp innan 7 og 30 dagar 2010 - 2012

Helseforetak	Andel reinnleggelser innen 7 dager			Andel reinnleggelser innen 30 dager		
	2010	2011	2012	2010	2011	2012
Helse Sør-Øst	4,8	4,5	4,7	10,7	10,0	10,5
Helse Vest	4,7	4,8	4,7	10,7	10,4	10,5
Helse Midt-Norge	4,7	4,4	4,4	10,6	10,2	10,2
Helse Nord	4,6	4,3	4,5	10,6	10,2	10,5
<b>TOTALT</b>	<b>4,7</b>	<b>4,5</b>	<b>4,7</b>	<b>10,7</b>	<b>10,1</b>	<b>10,4</b>
Helse Stavanger HF	4,5	4,2	4,4	10,2	9,7	10,1
Helse Fonna HF	4,9	5,4	6,0	11,5	11,9	13,2
Helse Bergen HF	4,9	4,8	4,5	10,4	9,9	9,6
Helse Førde HF	4,5	4,4	4,4	11,1	10,3	10,5
Haraldsplass Diakonale sh.	5,3	5,9	5,8	13,5	13,4	12,9
Haugesund sanfor. revm.	0,0	0,0	0,1	0,0	0,2	0,1
Stiftelsen Betanien Bergen	0,0	0,0	0,2	0,0	0,0	0,2

1 Tala gjeld for døgnopphald og inkluderer pasientar som blir skriven ut fredag-søndag og inn på måndag. Eksklusive pasientar som skrivs inn og ut same dag.

Prosentdelen reinnleggingar innan 30 dagar varierer frå 9,6 prosent i Helse Bergen til 13,2 prosent i Helse Fonna, som og har den høgaste delen reinnleggingar innan 7 dagar i 2012.

## Døgnplassar og bruk av tenester i det psykiske helsevernet

Over 15-årsperioden frå 1998 til 2012 har talet døgnplassar innan det psykiske helsevernet blitt redusert med 31 prosent. Korrigert for befolkningsvekst var nedgangen 42 prosent. For barn og unge var det rundt 300 døgnplassar gjennom heile perioden. Det var framleis store forskjellar i døgnplassdekning mellom regionane i 2012, spesielt for barn og unge, der Helse Nord disponerer 67 prosent fleire plassar som Helse Vest, sett i høve til folketalet. For vaksne er forskjellane mindre, men Helse Nord disponerer likevel drygt 25 prosent fleire plassar enn Helse Midt-Noreg.

### Døgnplassar i det psykiske helsevernet per 1 000 innbyggjar etter pasientens budstad 2012

Bostedsområde	Døgnplasser i det psykiske helsevern for barn og unge		Døgnplasser i det psykisk helsevernet for voksne		Døgnplasser totalt	
	Plasser per 10 000 innb. 0-17 år	Prosent av landsgj. snittet	Plasser per 10 000 innb. 18 år og eldre	Prosent av landsgj. snittet	Plasser per 10 000 innb. totalt	Prosent av landsgj. snittet
Helse Sør-Øst	2,7	101	9,8	96	8,2	97
Helse Vest	2,3	85	10,9	107	8,8	104
Helse Midt-Norge	2,5	92	9,7	96	8,1	95
Helse Nord	3,8	142	11,9	116	10,1	119
<b>TOTALT</b>	<b>2,7</b>	<b>100</b>	<b>10,2</b>	<b>100</b>	<b>8,5</b>	<b>100</b>
Helse Stavanger-området	2,3	85	11,8	116	9,4	111
Helse Fonna-området	3,5	129	10,7	105	9,0	105
Helse Bergen-området	1,8	67	10,8	106	8,8	103
Sogn og Fjordane	2,2	84	8,6	84	7,1	84

Det var betydelege variasjonar mellom helseregionane både i poliklinisk forbruk og bruk av døgntenester i det psykiske helsevernet for barn og unge og i 2012. Pasientar busett i Helseregion Nord hadde nær dobbelt så mange polikliniske tiltak som pasientar busett i Helseregion Vest. Talet på opphaldsdøgn var og klart høgare blant pasientar frå Helseregion Nord enn dei tre andre regionane.

### Utskrivingar, opphaldsdøgn og konsultasjonar ved offentlege poliklinikkar og hjå avtalespesialistar i psykisk helsevern for barn og unge 2012. Per 1 000 innbyggjar 0-17 år

Bostedsområde	Utskrivinger		Døgn		Konsultasj. off. polikl. <sup>1</sup>		Registr. konsultasj. avtalespes. <sup>2</sup> pas. 0-17 år	
	Per 10 000 innb. 0-17 år	Pst av landsgj. snitt	Per 10 000 innb. 0-17 år	Pst av landsgj. snitt	Per 10 000 innb. 0-17 år	Pst av landsgj. snitt	Per 10 000 innb. 0-17 år	Pst av landsgj. snitt
Helse Sør-Øst	13	57	612	96	6938	107	315	124
Helse Vest	31	146	580	93	4918	76	259	102
Helse Midt-Norge	36	165	539	87	6949	107	111	44
Helse Nord	39	182	1105	177	6960	107	36	14
<b>TOTALT</b>	<b>23</b>	<b>100</b>	<b>640</b>	<b>100</b>	<b>6494</b>	<b>100</b>	<b>254</b>	<b>100</b>
Helse Stavanger-området	26	121	650	104	4513	69	126	50
Helse Fonna-området	56	260	731	117	4048	62	291	115
Helse Bergen-området	28	129	452	73	5430	84	304	120
Sogn og Fjordane	23	107	580	93	5786	89	489	193

Det er framleis store forskjellar i behandlingstilbodet mellom ulike områder, både målt ved ratar for utskrivningar, opphaldsdøgn, konsultasjonar ved offentlege poliklinikkar, konsultasjonar hjå

avtalespesialistane, og tal behandla pasientar innanfor kvar av tenestene. Til dømes blir psykisk helsevern for barn og unge i Fonna-området og Stavanger-området kjenneteikna av eit lågare forbruk av polikliniske tenester enn landsgjennomsnittet, og samstundes meir døgnbehandling enn landsgjennomsnittet. Bergens-området er den regionen i Helse Vest som bruker minst døgnbehandling for barn og unge i psykisk helsevern.

I det psykiske helsevernet for vaksne auka talet utskrivningar i Helse Vest og særleg Helse Midt-Noreg. Veksten var lågast i Helse Sør-Aust. Talet på opphaldsdøgn blei redusert i alle regionar. Alle regionane hadde ein auke i talet polikliniske konsultasjonar. Helse Vest og Helse Sør-Aust hadde og vekst i talet konsultasjonar hjå avtalespesialistane. Og innan psykisk helsevern for vaksne er det forskjellar i behandlingstilbodet mellom ulike område.

### Utskrivingar, opphaldsdøgn og konsultasjonar ved offentlege poliklinikkar og hjå avtalespesialistar 2012, per 10 000 innbyggjar 18 år og eldre.

Bostedsområde	Utskrivninger		Døgn		Konsultasj. off. polikl.		Registr. konsultasj. avtalespes. <sup>1</sup> pas. 18 år+	
	Per 10 000 innb. 18 år+	Pst av landsgj.snitt	Per 10 000 innb. 18 år+	Pst av landsgj.snitt	Per 10 000 innb. 18 år+	Pst av landsgj.snitt	Per 10 000 innb. 18+ år	Pst av landsgj.snitt
Helse Sør-Øst	123	90	3 001	96	3 321	101	1 989	126
Helse Vest	145	107	3 456	111	2 908	88	1 515	96
Helse Midt-Norge	142	104	2 758	89	3 695	112	621	39
Helse Nord	187	137	3 526	113	3 339	102	611	39
TOTALT	136	100	3 111	100	3 289	100	1 573	100
Helse Stavanger-området	156	114	3 768	121	3 519	107	1 179	75
Helse Fonna-området	161	118	3 153	101	2 747	84	982	62
Helse Bergen-området	141	104	3 569	115	2 587	79	2 154	137
Sogn og Fjordane	106	78	2 519	81	2 527	77	892	57

### Befolkninga si bruk av tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB)

Helse Vest har auka kapasiteten innan TSB både i form av poliklinisk aktivitet, døgnplassar og fleire årsverk.

Polikliniske konsultasjonar har auka med nær 20 % sidan 2011. Her har Helse Vest høg dekningsrate og ligg over landsgjennomsnittet.

Helse Vest har auka både talet på innleggingar og liggedøgn innan TSB det siste året, medan Helse Sør-Aust og Helse Midt-Norge har redusert. Helse Vest har auka talet på innleggingar med 9 prosent det siste året, men ligg fortsatt lågast i landet på dette området. Innan døgnbehandling har Helse Vest fortsatt låg dekningsrate, men avviket er redusert.

Styrkinga av kapasiteten innan døgnplassar er knytt til det offentlege tilbodet. I 2008 var 80 prosent av døgntilbodet knytt til private einingar som regionen hadde avtale med, medan talet i 2012 var om lag 56 prosent.

Helse Vest har hatt ein auke i både helsepersonell og tilsette med spesialist/vidareutdanning. Andelen psykologårsverk er høgast i Helse Vest. Også ved det private tilbodet har helsefagleg kompetanse auka. Tilsette med spesialist/ vidareutdanning er stabilt ved dei private. Regionen står dermed fram med ein styrka kompetanse. Dekningsrate for personell i TSB auka, men er under landsgjennomsnittet.



## Produktivitet

### Produktivitet i somatisk spesialisthelseteneste

Produktivitet innan somatisk sektor, blir i Samdata uttrykt gjennom «kostnad pr. DRG-poeng»<sup>1</sup>. Lågaste nivå for analyse av produktivitet er HF-nivået. Eit produktivitetstall på HF-nivå er ein aggregert størrelse som truleg, for alle HFa, skjuler både einingar som har ei positiv produktivitet utvikling, og einingar som har ei negativ produktivitet utvikling. Ein skal difor være forsiktig med å dra bastante konklusjonar på eit slikt grunnlag, men tala kan brukast for å gje ein peikepinn på korleis HF-a i regionen totalt sett ligg an samanlikna med kvarandre og med det nasjonale nivået.

På nasjonalt nivå er kostnad pr. DRG-poeng redusert med -0,1 prosent frå 2011 til 2012. Om lag nullvekst i kostnadsnivået siste år skuldast ei auke i både kostnader og aktivitet på to prosent. Endringane i kostnadsnivå varierte frå ein nedgang på -0,4 prosent i Helse Sør-Øst til ei auke på 0,8 prosent i Helse Nord. Helse Vest hadde sterkast vekst både i aktivitet og kostnader med ei auke på tre prosent i begge størrelsar. I 2012 hadde Helse Vest det lågaste relative kostnadsnivået med eit nivå på 0,95.

### Driftskostnader per DRG-poeng. Døgn, dag og poliklinisk verksemd samla

Helseforetak og avtaleinstitusjoner	Driftskostnad per DRG-poeng			Driftskostnad per DRG-poeng inkludert kapitalkostnader		
	Nivå 2012	Pst end 11-12	Relativt kostnadsnivå	Nivå 2012	Pst end 11-12	Relativt kostnadsnivå
Helse Sør-Øst	43 767	-0,4	0,98	45 933	-0,7	0,98
Helse Vest	42 723	0,0	0,95	44 530	-0,2	0,95
Helse Midt-Norge	46 543	0,4	1,04	48 423	0,2	1,03
Helse Nord	52 903	0,8	1,18	55 014	0,4	1,17
<b>TOTALT</b>	<b>44 818</b>	<b>-0,1</b>	<b>1,00</b>	<b>46 867</b>	<b>-0,4</b>	<b>1,00</b>
Helse Stavanger	41 488	-1,7	0,93	42 868	-2,0	0,91
Helse Fonna	43 062	0,9	0,96	44 760	-0,1	0,96
Helse Bergen	42 163	0,2	0,94	44 221	0,2	0,94
Helse Førde	48 901	0,3	1,09	50 915	0,4	1,09
Haraldsplass Diak. shus.	44 762	7,5	1,00	46 756	7,1	1,00
Haugesund san.for.revm	32 028	-7,8	0,71	32 674	-8,0	0,70

Med unntak av Helse Førde, som hadde eit kostnadsnivå på 1,09, hadde dei tre andre helseføretaka i Helse Vest eit kostnadsnivå som var under landsgjennomsnittet i 2012. Helse Bergen hadde eit kostnadsnivå på 0,94, som var lågare enn kostnadsnivået ved dei andre store universitetssjukehusa i andre regionar.

Dei uendra driftskostnadane pr. DRG-poeng er i Helse Vest samansett både av ein aktivitetsvekst og ein kostnadsvekst samla sett i regionen.

<sup>1</sup> Samdata tar utgangspunkt i HF-a sin funksjonsrapportering til SSB. Felleskostnader blir fordelt på funksjonsområda etter fordelingsnøklar bestemt av det enkelte HF. I somatikk inngår funksjon 620 Somatiske tenester, funksjon 625 Somatiske tenester – rehabilitering og habilitering og funksjon 635 lab og røntgen. Felleskostnader fordeles på funksjonsområdene etter fordelingsnøklar bestemt av det enkelte HF.

## Endring i kostnad per DRG-poeng 2011-2012. Dekomponert i kostnads- og aktivitetseffekt

Helseforetak og avtaleinstitusjoner	Endring i kostnad per DRG-poeng	Kostnadsendring <sup>1</sup>	Aktivitetseffekt
Helse Sør-Øst	-0,4	1,4	1,8
Helse Vest	0,0	3,0	3,0
Helse Midt-Norge	0,4	2,5	2,1
Helse Nord	0,8	2,4	1,6
<b>TOTALT</b>	<b>-0,1</b>	<b>1,9</b>	<b>2,0</b>
Helse Stavanger	-1,7	2,9	4,6
Helse Fonna	0,9	1,2	0,2
Helse Bergen	0,2	4,4	4,2
Helse Førde	0,3	-2,2	-2,5
Haraldsplass Diakonale sykehus	7,5	7,8	0,3
Haugesund san.for.revm	-7,8	-2,9	5,3

Innan regionen, er det Helse Stavanger som har hatt den største reduksjonen i kostnad pr. DRG-poeng. Ved avtaleinstitusjonen Haraldsplass Diakonale sjukehus auka kostnadsnivået med 7,5 prosent, og dette skuldast relativt sett sterk kostnadsvekst og marginal aktivitetseffekt.

## Produktivitet psykisk helsevern

### *Psykisk helsevern barn og unge*

Talet pasientar per fagårsverk i dei psykiatriske poliklinikkane for barn og unge har halde seg stabilt rundt 30 i perioden frå 2004 til 2010, men er noko redusert seinare år. I 2012 behandla kvart fagårsverk i gjennomsnitt 28 pasientar. Fagårsverk er her definert som årsverk justert for merkantilt personell og personell utan høgskuleutdanning. Polikliniske tiltak pr. fagårsverk og pr. pasient vil kunne seie noko om kor mykje pasientretta arbeid fagpersonellet utfører, medan talet på polikliniske pasientar pr. fagårsverk vil kunne seie noko om kor tilgjengelege tenestene er.

## Pasientar, fagårsverk og produktivitet i poliklinisk verksemd for barn og unge i 2011 og 2012

Helseforetak	Polikliniske pasienter		Fagårsverk		Pasienter per fagårsverk	
	2012	Pst endr. 2011-12	2012	Pst endr. 2011-12	2012	Pst endr. 2011-12
Helse Sør-Øst	30 847	-1	1 103	1	28	-2
Helse Vest	10 720	2	386	2	28	1
Helse Midt-Norge	7 591	3	272	2	28	1
Helse Nord	7 267	-2	251	6	29	-8
<b>TOTALT</b>	<b>56 425</b>	<b>0</b>	<b>2 011</b>	<b>2</b>	<b>28</b>	<b>-2</b>
Helse Stavanger HF	3 284	9	121	5	27	4
Helse Fonna HF	1 711	-1	57	-1	30	0
Helse Bergen HF	3 779	0	148	5	25	-5
Helse Førde HF	1 406	-1	43	-12	33	12
Direkte under Helse Vest RHF	540	-7	18	-5	30	-1

Med atterhald om usikkerheit i talmaterialet, ser vi at Helse Førde ligg høgast i regionen når det gjeld polikliniske pasientar pr. fagårsverk og er det helseforetaket med sterkast vekst frå 2011 til 2012.

### Psykisk helsevern vaksne

Innan vaksenpsykiatri er det publisert tal både for døgnbehandling og for poliklinisk behandling. Det er ikkje rapportert tiltak på same måte som innan BUP. Produktiviteten er difor uttrykt i konsultasjonar pr. fagårsverk. Nasjonalt har produksjonen innan psykisk helsevern for vaksne halde seg konstant frå 2011 til 2012, målt ved refusjonsgjevande konsultasjonar per fagårsverk.

### Konsultasjonar, fagårsverk og produktivitet i polikliniske verksemd for vaksne 2011 og 2012

Helseforetak	Konsultasjonar		Fagårsverk		Konsultasjonar per fagårsverk	
	2012	Pst endr 2011-12	2012	Pst endr 2011-12	2012	Pst endr 2011-12
Helse Sør-Øst	723 815	4	1 712	2	423	2
Helse Vest	234 632	4	557	5	421	-1
Helse Midt-Norge	198 293	3	501	5	396	-1
Helse Nord	122 275	5	390	5	313	0
<b>TOTALT</b>	<b>1 279 015</b>	<b>4</b>	<b>3 160</b>	<b>3</b>	<b>405</b>	<b>0</b>
Helse Stavanger HF	71 846	1	155	9	463	-7
Helse Fonna HF	35 214	-1	83	-14	423	16
Helse Bergen HF	66 941	14	166	20	402	-5
Helse Førde HF	20 780	-3	52	0	402	-3
Direkte under Helse Vest RHF	39 851	4	100	1	397	3

Av dei fire helseføretaka i regionen er det berre Helse Fonna som har hatt ein vekst i talet konsultasjonar per fagårsverk frå 2011 til 2012.

Utvikling i produktivitet innan døgnbehandling er uttrykt gjennom driftskostnad pr. opphaldsdøgn og kostnad pr. utskriving.

### Kostnadar til døgnbehandling i psykisk helsevern for vaksne 2011-2012

Helseforetak og avtaleinstitusjoner	Kostnad <sup>1</sup> per opphaldsdøgn			Kostnad <sup>1</sup> per utskriving		
	Nivå 2012 (kroner)	Relativt kostnadsnivå	Prosent realendring 2011-2012 <sup>2</sup>	Nivå 2012 (kroner)	Relativt kostnadsnivå	Prosent realendring 2011-2012 <sup>2</sup>
Helse Sør-Øst RHF	10 324	105	7	266 523	110	-1
Helse Vest RHF	9 269	94	-1	249 865	104	-5
Helse Midt-Norge RHF	9 082	92	-1	192 454	80	-7
Helse Nord RHF	9 419	96	-1	183 898	76	-2
<b>TOTALT</b>	<b>9 828</b>	<b>100</b>	<b>3</b>	<b>241 327</b>	<b>100</b>	<b>-3</b>
Helse Stavanger HF	7 115	72	1	210 600	87	0
Helse Fonna HF	10 140	103	-3	242 275	100	-9
Helse Bergen HF	10 315	105	-5	308 089	128	-10
Helse Førde HF	12 461	127	3	328 366	136	-12
NKS Olaviken alderspsyk sykehus	9 664	98	10	435 559	180	15
Betanien DPS	7 566	77	21	152 003	63	16
Jæren DPS	10 291	105	5	139 092	58	13
Solli sykehus	8 755	89	4	182 230	76	-10
Voss DPS	7 099	72	4	213 203	88	11

Vedlegg:

Rapport frå Helsedirektoratet – Samdata Spesialisthelsetjenesten 2012